

Rosendal/Uskedal J17 vann jamn kamp

18.06.2018



Corner til R/U Første stålpe: Thea, Emma og Lisa Jonetta – Bak i feldtet: Marte og Anna Elisabeth

Laurdag var Rosendal/Uskedal J17 (R/U) laget til Arna og spelte kamp mot Arna/Bjørnar (A/B) på Garnes kunstgrasbane. Dette var siste borte kamp i vårsesongen. R/U har nok ein kamp med redusert spelarstall, bare 8 spelarar av J17 laget kunne stilla. Med god hjelp frå J14 laget får ein stilt lag.

Lagoppstillinga til R/U var 4-5-1 med May Beate i mål, Eli, Marte, Amalie og Lene i forsvar, Thea, Guro, Ruth Maria, Lisa Jonetta og Anna Elisabeth på midtbana og Emma på topp.

I første omgang hadde R/U motvind men spelte jamgodo med A/B. Etter 11 minutt spelte Guro ein flott gjennombrotpasning til Emma som skyt over målvakt til stillinga 0-1. A/B hadde fleire gode sjansar, men det er Guro som etter 35 minutt lobbar ballen i mål til 0-2. Målvakt May Beate spelar godt og bidrar sterkt til at pauseresultatet vart 0-2 til R/U.

Utan innbytarar kunne det blitt ein tung andre omgang for R/U jentene, nå hadde også vinden stilna. R/U kjem godt i gang og har fleire gode sjansar i starten på andre omgang og etter 10 minutters spel får Thea krangla ballen inn i feltet der Anna Elisabeth set ballen i mål til 0-3.

A/B har mange gode sjansar men klarar ikkje å setje ballen i mål, mykje takka målvakta May Beate. Andre omgang er halvspelt då Emma slit seg laus frå to midtstopparar og skyt frå 25 meter, målvakta får eit par fingrar på ballen men ballen går i mål til 0-4.

Etter om lag 25 minutt er A/B frampå og reduserer til 1-4. Mange slitne R/U jenter på bana, men dei held ut. I dei siste 5 minuttane av kampen klarar R/U 2 nye mål, det første eit flott mål der Emma skyt frå sidelinja, ballen går i bøge over målvakta og i mål til 1-5. Det andre er det Emma som på ny frå 25 meter skyt ballen i mål til 1-6 som vart sluttresultatet.

Oppsummert var dette ein kamp som kunne godt begge vegar. A/B spelte godt og hadde mange gode sjansar, men skilnaden var at Emma som traff på alt og May Beate redda alt.

Neste kamp er tysdag 19. juni kl. 18:30 på kunstgrasbana her i Uskedalen, motstandar er Odda-9er. Bli med å heia på jentene, det er bare 1 poeng som sjel laga i serien.

Tekst/nett: Hans Ordin Østebø / Rosendal fotball facbook

Foto: Tor Gundersen